




KONSESJONSKRAFT IKS

– vaktar rettane og tek vare på verdien

Konsesjonskrafthandbok

Versjon 2019



Føreord

I denne handboka er det samla viktige rettsreglar, utrekningsprinsipp og nokre røynsler som Konsesjonskraft IKS har gjort gjennom sitt arbeid.

Dette er ikkje ei utfyllande handbok, til dømes er ikkje sal av konsesjonskraft omhandla.

Dette notatet skal vere til hjelp for dei som til kvar tid arbeider for Konsesjonskraft IKS og for kommunar og fylkeskommune som er deltakarar i Konsesjonskraft IKS.

Dette notatet kan og distribuerast til kommunar/fylkeskommunar som vert berørt av kraftutbygging som heimlar ny konsesjonskraft.

Kva er konsesjonskraft?

Konsesjonskraft er ein lovheimla rett til elektrisk kraft som kraftutbyggingskommunar og fylkeskommunar har når det vert gjeve konsesjon frå staten til å regulere eller overføre vatn til bruk i vasskraftproduksjon. Retten vert effektiv når det regulerte eller overførte vatnet vert teke i bruk til kraftproduksjon.

Konsesjonskraftvolumet utgjer 10 % av ein teoretisk utrekna kraftproduksjon.

Kommunane har ein primær rett som er avgrensa til forbruket til alminneleg forsyning i den enskilde kommunen, medan fylkeskommunane har den sekundære retten til overskytande konsesjonskraftvolum.

Kommunen kan bruke konsesjonskrafta etter «eget skjønn».

Konsesjonskraft som er heimla i konsesjonar gjevne før 10/4 1959 vert levert til individuell sjølvkost medan konsesjonskraft levert i medhald av konsesjonar etter 10/4 1959 vert levert til ein pris som vert rekna ut av NVE og fastsett av OED.

Det er avtalefridom mellom kommunar og fylkeskommunar når det gjeld fordelinga av konsesjonskraftvolumet. Det er og avtalefridom mellom konsesjonær og kommune/fylkeskommune når det gjeld pris.



Innhald

Føreord.....	2
1. Lovverk som regulerer konsesjonskraftrettane	4
1.1. Vassdragsreguleringslova	4
1.2. Vannfallrettighetslova	4
1.3. Vannressurslova	6
2. Berekning og fordeling av konsesjonskraft	7
2.1. Utrekningsmetodikk	7
2.2. Fordeling av konsesjonskraft.....	8
3. Prisregimer	10
3.1. Konsesjonar gjevne etter 10/4 1959	10
3.2. «Sira-Kvina» prisen.....	10
3.3. Konsesjonar gjevne før 1959.....	10
4. Varsling og gjennomføring av uttak av konsesjonskraft heimla i nye konsesjonar.	11
5. Oppfølging av konsesjonskraftspørsmål.	13

1. Lovverk som regulerer konsesjonskraftrettane

Det er tre lover som regulerer konsesjonskraftrettane:

- Vassdragsreguleringslova
- Vannfallrettighetslova (tidlegare ervervslova eller industrikonsesjonslova)
- Vannressurslova

1.1. Vassdragsreguleringslova

Vassdragsreguleringslova omhandlar magasinering og overføring av vatn. Lova blei fyrst gitt i 1917, men gjennomgjekk ei større revidering i 2017 (i kraft frå 1.1.2018).

I **vassdragsreguleringslova § 3** fylgjer det at for andre enn staten er det krav om konsesjon for vassdragsreguleringar og overføringar for produksjon av elektrisk energi.

Ein krev konsesjon i dei tiltaka som aukar vannkrafta med minst 500 naturhestekrefter i eitt eller fleire vannfall som kan utnyttast under eitt, eller med minst 3000 naturhestekrefter gjennom heile vassdraget. I tillegg vil det i dei tiltaka som aleine eller saman med tidlegare reguleringar eller overføringar påverkar naturforholda eller andre allmenne interesser vesentleg, vere krav om konsesjon, sjå vassdragsreguleringslova § 3 fyrste ledd bokstav c).

I vassdragsreguleringslova får overført vatn og regulert vatn same kraftauken.

Vidare heiter det i **vassdragsreguleringslova § 22** fylgjande:

I konsesjonen skal det bestemmes at det skal avståes til kommuner og fylkeskommuner som kraftanlegget ligger i, inntil 10 prosent av den for hvert vannfall innvunne økning av vannkraften beregnet etter reglene i § 14 annet ledd, jf. § 3 fjerde ledd.

Konsesjonar gjevne etter vassdragsreguleringslova er i denne handboka kalla reguleringskonsesjonar.

1.2. Vannfallrettighetslova

Vannfallrettighetslova heitte tidlegare Industrikonsesjonslova eller Ervervslova. Desse lovene var frå 1917, og gjennomgjekk ei større revidering i 2017 (i kraft frå 1.1.2018). Ved denne revideringa endra lova namn, men innhaldet er tilsvarande som tidlegare.

Vannfallrettighetslova regulerer eigarskapen til vasskraftressursane i Norge. Denne lova vert nytta både i kraftutbyggingssamanheng og ved eigarskifte/andre endringar i eigarskapen.

Det fylgjer av vannfallsrettighetslova § 2 at ein utbyggjar (med unntak av staten) må ha konsesjon for å erverve eigedommsrett til vannfall som vil kunne gi meir enn 4000 naturhestekrefter, anten aleine eller i samband med andre vannfall som kan byggast ut under eitt. Konsesjon gir rett til å utnytte vannfallet som kraftkjelde.

Vidare heiter det i **vannfallrettighetslova § 19** fylgjande:

I konsesjonen skal det bestemmes at konsesjonæren skal avstå til kommuner og fylkeskommuner som kraftanlegget ligger i, inntil 10 prosent av gjennomsnittlig kraftmengde vannfallet etter foretatt utbygging kan yte med påregnelig vannføring år om annet. Avståelse og fordeling avgjøres av departementet med grunnlag i kommunens behov til den alminnelige elektrisitetsforsyning.

Med denne berekninga, vil uttak av konsesjonskraft etter Vannfallrettighetslova gi meir konsesjonskraft enn etter Vassdragsreguleringslova. Denne auken vert større jo lengre ned i vassdraget kraftverket ligg.

Konsesjonar gjevne etter vannfallrettighetslova er i denne handboka kalla ervervskonsesjonar.

Døme 1: Bjelland kraftverk, Mandalsvassdraget

«I medhold av ervervsloven av 14. desember 1917 gis Vest-Agder elektrisitetsverk tillatelse til erverv av fallrettigheter i Mandalsvassdraget for utbygging av Bjelland kraftverk på de vilkår og under den forutsetning som er tatt inn i Industridepartementets foredrag av 16. juni 1972»

Denne konsesjonen saman med ein ny ervervskonsesjon frå 1986 i samband med at Bjelland kraftverk fekk ny eigar gjer at all konsesjonskraft frå dette kraftverket, og frå konsesjonar før 1959 vert levert til OED-pris. Denne ervervskonsesjonen fører og til at Bjelland kraftverk avgjev ca 26% meir konsesjonskraft enn det som følgjer av tidlegare reguleringskonsesjonar.

Døme 2: Holen kraftverk, Otravassdraget

I konsesjon av 15/11 1974 får Otteraaens Brugseierforening løyve til ytterlegare reguleringar og overføringar i Otravassdraget og I/S Øvre Otra løyve til å erverve manglande fallrettar.

Dette fører til at all konsesjonskraft frå Holen kraftverk vert levert til OED-pris; dette gjeld og konsesjonskraft frå konsesjonar gjevne før 10/4 1959; dette sjølv om ervervskonsesjonen gjeld berre ein del av fallet (partiell erverv). Denne ervervskonsesjonen fører og til at Holen I/II avgjev ca 20% meir konsesjonskraft og Holen III avgjev ca 6% meir enn det som følgjer av gjevne reguleringskonsesjonar.

Denne ervervskonsesjonen var naudsynt av di utbyggjar ikkje rådde over alle fallrettane.

Døme 3: Hekni kraftverk, Otravassdraget

Ved kgl res av 13/10 1989 gjorde regjeringa gjennom kgl. res dette vedtaket:

«I medhold av lov om erverv av vannfall, bergverk og annen fast eiendom av 14. desember 197 og lov om vassdragene av 15. mars 1940 nr 3 får Aust-Agder kraftverk og Vestfold kraftselskap tillatelse til erverv av fall og til ekspropriasjon for utbygging av Hekni kraftverk i Otra på de vilkår som fremgår av Olje- og energidepartementets foredrag av 13/10 1989.»

Dette betyr at konsesjonskraft heimla i reguleringskonsesjonar gjevne før 1959 som vert utnytta i Hekni kraftverk skal leverast til OED-pris. Denne ervervskonsesjonen fører og til at Hekni kraftverk avgjev ca 20% meir konsesjonskraft enn det som følgjer av gjevne reguleringskonsesjonar.

Denne ervervskonsesjonen var naudsynt av di utbyggjar ikkje rådde over alle fallrettane.

1.3. Vannressurslova

Vannressurslova har som formål å sikre ein samfunnsmessig forsvarleg bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvatn, jf. § 1. Det heiter i vannressurslova § 8 at ingen må iverksette vassdragstiltak utan «konsesjon fra vassdragsmyndighetene». Vidare finne ein nærmare reglar om konsesjon til vassdragstiltak i kapittel 3.

Vannressurslova heimlar i seg sjølv ikkje rett på konsesjonskraft. Elvekraftverk og småkraftverk som ikkje har reguleringsmoglegheit blir i dag som oftast bygd ut etter denne lova.

Det er likevel viktig å vere merksam på at dersom kraftverket blir bygd ut i allereie regulerte og/eller overførte vassdrag, så skal kraftverket likevel levere konsesjonskraft. Dette fordi kraftverket drar fordelar av reguleringar lengre opp i vassdraget.

Døme: Uleberg kraftverk i Evje og Hornnes kommune

Kraftverket er bygd ut i medhald av vannressurslova, som i seg sjølv ikkje heimlar konsesjonskraft. Men kraftverket nyttar regulert vatn som er heimla i ein tidlegare gjeven reguleringskonsesjon (2003), og gjev dermed 1,8 GWh konsesjonskraft.

2. Berekning og fordeling av konsesjonskraft

Målet med dette punktet er å vise kort og på forsøksvis enkel måte korleis konsesjonskraft blir berekna og fordelt mellom kommunar. Vi viser til rekneark under som viser utrekning av kraftauke og konsesjonskraft og fordelinga mellom magasinkommune, fallkommune og kraftverkskommune.

Reglane for berekning og fordeling av konsesjonskraft finn vi i diverse rundskriv frå NVE og OED. Dei viktigaste og mest brukte er fylgjande:

- [NVE-Faktaark 1/2004 Konsesjonsavgifter og konsesjonskraft](#)
- [OED- 7/4 2003 Retningslinjer for utregning av OED-prisen](#)

2.1.Utrekningsmetodikk

Konsesjonskraft vert fastsett i kWh med grunnlag i ei teoretisk utrekning av naturhestekrefter som er ulik i vassdragsreguleringslova og i vannfallrettighetslova. NVE bruker historiske tal for målt tilsig på fastsatte målepunkt for å rekne ut konsesjonskrafta, og for tida er det tilsigsserie 1961-1990 som vert nytta.

Teoretisk utrekning av potensiell energi i naturhestekrefter (nat.hk.):

$$\text{Vassføring i } m^3/s \times \text{Fallhøgde i m} \times 13,33 = \text{potensiell energi i nat.hk.}$$

der 13,33 er ein fast omrekningsfaktor.

Utrekning av vassføringa for ulike konsesjonar:

Reguleringskonsesjonar: Pårekna vassføring i m^3/s i 9 av 10 år (bestemmande regulert).

Tilsigsserie

1961-1990

Ervervskonsesjonar: Pårekna vassføring i m^3/s i 5 av 10 år (median regulert).

1961-1990

Utrekning av teoretisk produsert kraft i kWh:

$$\text{potensiell energi i nat.hk} \times 0,6 \times 8760 = \text{teoretisk produsert kraft i kWh}$$

0,6 er den faktoren NVE nyttar og er ei avrunding av produktet $0,736 \times 0,82$, der 0,736 er omrekningsfaktor frå nat hk til kWh og 0,82 kjem av at verknadsgraden er i konsesjonskraftutrekningar sett til 82%.

8760 er timar pr år.

Dette gjev den teoretiske kraftproduksjonen i eit kraftverk, og konsesjonskrafta er då 10% av denne.

2.2.Fordeling av konsesjonskraft

Prisfastsetjing /kraftgrunnlagsutrekning konsesjonskraft heimla i konsesjonar etter ulikt lovverk				
Vassdragsreguleringslova=vreg. lova				
Vannfallrettighetslova=vfallslova(tidlegare ervervslova)				
Reguleringskonsesjonar=reg.kons				
Ervervskonsesjon=erverv.kons- i medhald av vannfallrettighetslova				
Heimelsgrunnlag levering av konsesjonskraft	Pris	Volumfordeling		
		Magasin	Fall	Kraftverk
Vreg.lova før 10/4 1959	Sjølvcost	48,50 %	48,50 %	3 %
Vreg.lova etter 10/4 1959	OED	48,50 %	48,50 %	3 %
Vfallsslova før 10/4 1959(kombinert med vreg lova)	Sjølvcost		97 %	3 %
Vfallslova etter 10/4 1959 (kombinert med vreg lova)	OED		97 %	3 %
Vfallslova utan ovanliggjande reg.kons	Sjølvcost eller OED pris		97 %	3 %
Vannressurslova i regulerte vassdrag utan erverv.kons	Sjølvcost eller OED pris	48,50 %	48,50 %	3 %
Vannressurslova i regulerte vassdrag med erverv.kons	Sjølvcost eller OED pris	48,50 %	0,485x+0,97z	0,03x+0,03z
		x=volum vreg.lova		
		z=tillegsvolum ervervslova		
Merknader:				
<ul style="list-style-type: none"> • Ervervskonsesjonar etter 1959 overstyrer prisvilkåra(sjølvcost) på konsesjonskraft frå reguleringskonsesjonar gjevne før 1959. • Dette prisilkkåret slår og inn for magasin kommunar, utan at det har volumverknader for magasin kommunen. • Konsesjonar etter vassressurslova i regulerte vassdrag gjev "nytt" liv til alle gjevne reguleringskonsesjonar og mogeleg ervervskonsesjon for fallet som skal byggast ut. • Pris på konsesjonskraft som vert indirekte utløyyst gjennom konsesjonar etter vannressurslova følgjer regelverket for konsesjonar etter vassdragsreguleringslova og/eller vannfallrettighetslova 				

Kraftauke etter vassdragsreguleringslova er standard utrekning i alle utbyggingssaker heimla i vassdragsreguleringslova. I kraftutbyggingssaker heimla heilt eller delvis i vannfallrettighetslova vert det gjort ei «brutto» utrekning som fører til meir konsesjonskraft (og konsesjonsavgifter) til kraftverkskommunen/fallkommunen. Magasinkommunen konsesjonskraftvolum er ikkje berørt av denne utrekninga.

Kraftaukeutrekninga i medhald av vassdragsreguleringslova går då til frådrag i brutto utrekninga og ein står att med ei fordeling av konsesjonskraft i medhald av vassdragsreguleringslova og eit netto ervervstillegg som fordelast etter reglane i vannfallrettighetslova.

Dersom det vert gjevne reguleringskonsesjonar som påverkar eit eksisterande kraftverk med ervervskonsesjon, vert det rekna ut kvantum basert på tilleggsreguleringa utan frådrag i tidlegare utrekning av ervervstillegget.

Døme 1: Iveland kraftverk

Kraftverket utnyttar berre reguleringskonsesjonar.

Kraftverket ligg i Iveland kommune og avgjev til saman 20,971 GWh med følgjande fordeling:

Kommune	Volumfordeling i GWh		
	Magasin	Fall	Kraftverk
Vinje	0,053		
Bykle	8,834		
Bygland	1,212		
Åseral	0,021		
Evje og Hornnes	0,051		
Iveland		5,085	0,629
Vennesla		5,085	
Sum i GWh	10,17	10,17	0,629
Sum i %	48,5 %	48,5 %	3,0 %

Døme 2: Hekni kraftverk

Det vart gjeve ein ervervskonsesjon i 1989 i samband med utbygginga- dette fører til at total kraftauke vert 7,7 GWh høgare enn det som er heimla i konsesjonen etter vassdragsreguleringslova- dette utgjer ein auke på ca 20%.

Dette gjer og at 2 GWh konsesjonskraft som skriv seg frå konsesjonar gjevne før 10/4 1959 ikkje skal leverast til sjølvkost, men til OED-pris.

Samla konsesjonskraft frå Hekni kraftverk er av NVE fastsett til 18,159 GWh.

Døme 3: Hunsfoss kraftverk

Det vart gjeve ein ervervskonsesjon i 1986 i samband med eigarskifte. I 2003 vart det rekna ut eit samla volum konsesjonskraft på 9,9 GWh. Av dette er 4,1 GWh ervervstillegg-eller ein auke på om lag 69%. Dette tillegget går til kraftverkskommunen og fallkommunen; i dette høvet Vennesla kommune.

Ein ervervskonsesjon/konsesjon etter vannfallrettighetslova vert i konsesjonskraft- og konsesjonsavgiftssamanheng relativt sett meir verdfull jo lenger ned i vassdraget gjeldande kraftverk ligg.

Fordeling mellom kommunar og fylkeskommunar

Dersom det ikkje er inngått privatrettslege avtaler mellom kommunar og fylkeskommunen om ei særskilt fordeling, vert volumet avgrensa av formuleringa i konsesjonskraftvilkåra: «*Avståelse og fordeling avgjøres av NVE med grunnlag i kommunenes behov til den alminnelige elektrisitetsforsyning.*»

3. Prisregimer

3.1.Konsesjonar gjevne etter 10/4 1959

Konsesjonskraft frå reguleringskonsesjonar/konsesjonar etter vannfallrettighetslova gjevne etter 10.april 1959 skal leverast til ein pris fastsett av Olje og Energidepartementet, ein såkalla OED-pris. Dette er eit gjennomsnitt av sjølvkostprisen for eit utval kraftverk i Noreg. Prisfastsetjinga byggjer på retningsliner frå 2003 og vert fastsett årleg basert på framskrivne rekneskapstal og gjeldande middelproduksjon. Alle middelproduksjonstal er simulert utifrå tilsigsserien 1970-99.

Utrekninga av OED-prisen er komplisert og datagrunnlaget for utrekninga er lite tilgjengeleg. Konsesjonskraft IKS kontrollerer denne utrekninga årleg med dei avgrensingar som det offentlege tilgjengelege datagrunnlaget gjev.

3.2.«Sira-Kvina» prisen

Denne prisen er heimla i ein høgsterettsdom frå 1978 og gjeld mellom anna konsesjonskraft frå konsesjonar som vart gjevne i 1963,1977 og 1978.

Prisen er berekna på same måten som OED-prisen, men gjeld berre for kraftverka i Sira-Kvina. Prisen er i dag om lag 4 øre/kWh lågare enn OED-prisen. Prisen er eit tema i pågåande vilkårsrevisjon.

3.3.Konsesjonar gjevne før 1959

Konsesjonskraft frå reguleringskonsesjonar/erervvskonsesjonar frå før 10.april 1959 skal leverast til sjølvkostpris for det gjeldande kraftverket.

Dette er delar av den standardformuleringa som går fram vassdragskonsesjonar gjevne før 10/4 1959: *«Kraften leveres til en maksimalpris beregnet på å dekke produksjonsomkostningene deri innebefattet 6% rente av anleggskapitalen med tillegg av 20%.»*

Døme:

Dersom det vert gjeve konsesjon etter vannressurslova til å byggje eit nytt kraftverk/oppuste eit eksisterande kraftverk i eit vassdrag med reguleringskonsesjonar frå før 1959, vil den delen av konsesjonskrafta som skriv seg frå desse konsesjonane verte ulønsam både på kort og relativt lang sikt. Grunnen til dette er at sjølv om prisberekninga inkluderer årleg avskrivning, vert ikkje kapitalgrunnlaget nedskriva. Vidare vert det rekna eit tillegg til sjølvkostprisen på 20%.

Sjølvkostprisberekning er underlagt avtalefridom; kommunen og konsesjonæren står fritt til å avtale pris seg imellom. Dersom ovannemnde døme er røyndom i ei konsesjonssak, bør kommunen/kommunane søkje å løyse dette gjennom ein minneleg utbyggingsavtale.

Det er og viktig at det vert nytta eit transparent talgrunnlag som enkelt kan etterprøvast av kommunen. Den endelege berekningsmetodikken bør vere ein del av uttakskontrakten og må kontrollerast kvart år.

Ein kan og vende seg til NVE dersom ein ønskjer ei utrekning derifrå, men ein må vere klar over at det kan ta lang tid før ein får svar på sjølvkostutrekningar. NVE kan også gje råd og uttale seg om konkrete prinsipielle utfordringar, til dømes kva for tilsigsserie som skal nyttast som delingsfaktor.

Individuell konsesjonskraftpris-metodikken framgår av den einskilde gjevne konsesjonen. Det er viktig å utarbeide prisprognose for dei næraste tre åra. Ein vil då kunne avbestille kraft før krafta vert ulønsam. Krafta kan som hovudregel avbestillast med to års varsel. Av eldre konsesjonar går det fram at avbestilt kraft ikkje kan tingast på ny medan det i nyare konsesjonar står at avbestilt kraft kan bestillast på ny med to års varsel. Det er tenleg å avklåre dette i den einskilde uttakskontrakten.

4. Varsling og gjennomføring av uttak av konsesjonskraft heimla i nye konsesjonar.

Kommunen og fylkeskommunen som ønsker å ta ut konsesjonskraft, må varsle konsesjonæren. Krava til varselet finn ein i konsesjonen, og er normalt 1 år for kvar gong kraft blir tatt ut.

NVEs rolle i høve arbeidet med uttaka av konsesjonskraft

NVE reknar ut kraftgrunnlag konsesjonskraft og gjer vedtak om fordeling av konsesjonskraft, men dette skjer ikkje før etter at kraftverket har vore i drift i nokre år.

Når har kommunen/fylkeskommunen rett til å take ut konsesjonskraft?

Retten til uttak av konsesjonskraft oppstår når vatnet vert teke i bruk til kraftproduksjon.

Kommunen/fylkeskommunen må varsle uttaket og retten vert effektiv etter eitt år.

Leveringsplikten gjeld sjølv om ikkje NVE har gjort vedtak om kraftgrunnlag og fordeling av konsesjonskrafta.

Oppfølging av nye konsesjonssøknader

Heimesida til NVE (www.nve.no) har oversikt over handsaminga av vassdragskonsesjonar etter vassdragsreguleringslova, vannfallrettighetslova og vannressurslova.

I vedlegg 1 (Meddelte vassdragskonsesjoner) til st. prp. 1 Statsbudsjettet for kvart år finn ein dei gjevne vassdragskonsesjonar for foregåande år utførleg dokumentert.

Konsesjonskraft IKS arbeider slik:

www.nve.no/konsesjonssaker vert sjekka minst ein gong kvar veke for å sjå om det er nye konsesjonssaker og om tidlegare søknader har endra status frå **under handsaming** til **på høyring**; frå **på høyring** til **ferdig handsama**.

For saker etter vannressurslova vert det kontrollert om vedkomande kraftverk nyttar tidlegare gjevne reguleringskonsesjonar/ervervskonsesjonar. Dersom det er tilfelle, vil kraftverket måtte levere konsesjonskraft og betale konsesjonsavgift.

Konsesjonen er gjeven:

Det vert etablert kontakt med konsesjonær der ein spør om når dei forventar ei investeringsavgjerd. Det vert gjort ei førebels vurdering av konsesjonskraftkvantum og kva for kommunar som har rettar.

Vurdering av lønsemd

Dersom kraftverket skal levere konsesjonskraft til OED pris, er eit framtidig uttak pr. dato lønsamt. Dersom kraftverket skal levere konsesjonskraft til sjølvkostpris (heilt eller delvis) i medhald av konsesjonar som er gjevne før 1959, vert det henta inn investeringsdata og prognose for driftskostnader frå konsesjonæren. Det må då gjerast eit anslag på middelproduksjon (delingsfaktoren) i samråd med konsesjonær. Dersom utrekna sjølvkostpris er høgare enn marknadsprisen, vert det førebels ikkje varsla uttak.

Saka vert då lagt til observasjon i ljøs av utviklinga av marknadsprisen- det vert etablert rutinar på dette saman med eventuell krafthandlar/forvaltar.

Når uttaket er lønsamt

Dersom konsesjonskrafta er vurdert til å vere lønsam, og konsesjonæren tek investeringsavgjerd, vert det gjennomført ei utrekning av konsesjonskraftkvantum. Det vert gjort ei vurdering av kost i høve til nytte utifrå storleik konsesjonskraftkvantum. Dersom konsesjonskraftkvantum er minimalt er det aktuelt å late vere å følge opp saka i det heile.

Utkastet til utrekning vert sendt til konsesjonær saman med utkast til akonto avtale utan avrekning for tida som går frå kraftverket er i produksjon/ny konsesjon er teken i bruk og fram til NVE gjer vedtak om kraftgrunnlaget og fordeling av konsesjonskraftkvantum.

Tingingar med konsesjonær

Dersom konsesjonær krev avtale om førebels levering med avrekning for perioden som går fram til NVE har berekna konsesjonskrafta, vil ein måtte akseptere dette. For små volum frå einskildkraftverk er det ein føremonn med avtalefesta finansiell årleg avrekning.

Dersom konsesjonær setter seg imot levering av konsesjonskraft fram til NVE har gjort vedtak, vil ein måtte følge opp saka rettsleg. Dette av di leveringsplikten for konsesjonskrafta gjeld frå det tidspunktet vatnet er teke i bruk til kraftproduksjon. Pr i dag har ikkje Konsesjonskraft IKS måtte gjere dette. Akonto avtale om uttak skal avløysast av ein permanent avtale når NVE har gjennomført utrekninga og gjort vedtak om fordeling.

5. Oppfølging av konsesjonskraftspørsmål.

Organisering:

Det einskilde vassdraget må sjåast på som ein heilskap når det gjeld vassdragskonsesjonar. Grunnen er at nye konsesjonar og endringar i eksisterande konsesjonar kan ha verknad for kraftkommunanes rettar både nedstraums og oppstraums. Sidevassdrag og tilførte/fråførte vassdrag kan og vere ein del av verkekrinsen.

Nedstraums gjeld dette kraftgrunnlaget, oppstraums gjeld dette prisvilkåra. For sidevassdrag og tilførte/fråførte vassdrag gjeld dette først og fremst fordelinga av konsesjonskrafta mellom kommunane. Eit godt operativt arbeid føreset ei eller anna type organisert interkommunalt samarbeid.

Døme 1: Stora Blåfjell-pumpe i Ulla Førre

I 2013 fikk Statkraft konsesjon etter vassdragsreguleringslova til å regulere og overføre vatn til Blåsjømagasinet gjennom å bygge Blåfjellpumpe i Hjelmeland kommune. Denne konsesjonen fører til at det vert pumpa vatn opp i Blåfjellmagasinet og til krafttauke i mellom anna Saurdal kraftverk. Bykle kommune har meir enn halvdel av Blåsjømagasinet og har soleis rett på konsesjonskraft. Kommunen var likevel ikkje høyringsinstans i konsesjonssaka. Aust-Agder fylkeskommune som har den sekundære retten var heller ikkje involvert i sakshandsaminga. Sakshandsaminga i einskildsaker frå NVE/OED kan slik det er synleggjort her, vere ei hindring for at kommunane/fylkeskommunane kan følgje opp sine rettar optimalt.

Døme 2: Fennefoss Kraftverk, Otravassdraget

Agder Energi Vannkraft AS fekk i 2013 konsesjon etter vannressurslova til å byggje Fennefoss Kraftverk. Utbygginga skjer i eit regulert vassdrag og eit realisert kraftverk vil heimle både konsesjonsavgift og konsesjonskraft. Av saksdokumenta frå NVE ser det ut som det er Evje og Hornnes kommune som åleine har rett på konsesjonskraft ved ei eventuell utbygging. Dette er ikkje rett, av di både Bykle og Bygland kommunar- i tillegg til Aust-Agder fylkeskommune, har rett til konsesjonskraft. Desse kommunane/fylkeskommunen er ikkje høyringsinstans i saka.

Økonomisk potensiale:

Konsesjonskraft IKS forvaltar 884 GWh årleg, om lag 12% av den samla konsesjonskrafta i Noreg; i dag har vi avtaler om 18 GWh a konto årleg levering på bakgrunn av hydrologiske vurderingar og tingingar med kraftselskapa.

Dersom ein reknar ein vinst på 20 øre/kWh har dette ein årleg verdi på 3,6 mill. kr. I tillegg kjem vinsten i å arbeide konsistent med prisen på konsesjonskrafta. Dersom dette arbeidet kan leggest opp praktisk innfor eksisterande ressursar, vil det vere eit økonomisk potensiale både for kommunar og fylkeskommunar.

Avsluttande kommentar:

Målet er å ta ut lønsamt og rett konsesjonskraftkvantum til rett tid til rett pris.

Det er ikkje alltid alle berørte kommunar blir tatt med i sakshandsaminga til NVE, og dette er noko kommunane må vere merksame på. Eit døme på dette er Uleberg kraftverk, der konsesjonskraftspørsmålet er ikkje omhandla korkje i søknaden eller i NVEs handsaming av saka. På kommunenivå er det berre Evje og Hornnes kommune som er involvert i sakshandsaminga, medan konsesjonskraftrettane i tillegg femnar om Åseral og Bygland kommunar. Dette gjer at kommunane må sjå på dei einskilde vassdraga som ein heilskap.